



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Trude Knutzen Knagenhjelm
Telefon: 57643094
E-post: fmsftkn@fylkesmannen.no

Vår dato
11.04.2016
Dykkar dato
14.03.2016

Vår referanse
2016/1095 - 450
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Forskrift om tilskudd til utsiktsrydding i kulturlandskap - høyringsfråsegn

Vi viser til brev av 14.03.2016 om høyring av forskrift om tilskot til utsiktsrydding i kulturlandskapet, med høyringsfrist 11.april.

I lag med representantar frå fylkesmennene i våre nabofylke har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i tida fram mot forskriftsframlegget vore engasjert i å gje innspel til innhaldet i forskrifta og døme på fylkesvise retningslinjer. Dette høyringsinnspelet er drøfta oss tre fylke imellom, der Fylkesmannen i Hordaland sluttar seg til vår uttale.

Vi ser positivt på at mange av våre innspel er tekne med i det endelege framlegget til forskrift, og at nettopp regional forankring vert vektlagt i høyringsbrevet. Medan dette pr. no går fram av høyringsbrevet, og truleg vil bli del av eit framtidig tildelingsbrev, meiner vi at Fylkesmannen sitt ansvar for å utarbeide retningslinjer må speglast i sjølve forskrifta. Dette kan gjerast med ei ny setning til slutt i § 3 som seier « Fylkesmannen utarbeider fylkesvise retningslinjer».

Det er positivt at det vil bli stilt krav om at søkjar skal leggje ved kart, oppdaterte foto og planar for vedlikehald i søknaden. Vi meiner og at det bør stillast krav om at det skal leggjast ved kostnadsoverslag for tiltaka, og at dette bør speglast i §§ 3 og 4 i forskrifta.

I høyringsframlegget er beiting som vedlikehaldstiltak sterkt vektlagt. Samstundes går det fram av merknadene til dei enkelte paragrafane at kostnader til gjerding for seinare beiting fell utafor ordninga. Vi har tidlegare spelt inn at inngjerding av rydda område bør kunne inngå som ein del av tiltaka i ordninga for å sikre eit langsiktig vedlikehald. Av omsyn til trafiktryggleik er ikkje eit område langs veg eigna for beiting utan at det er sett opp gjerde. Vi meiner difor at § 3 fjerde ledd bør endrast til: «Dersom området som ryddes er egnet til beiting, og blir inngjerda, skal dette..»

Ved å ekskludere ei slik moglegheit, meiner vi at det vil vere lite realistisk å få til beiting som vedlikehaldstiltak der det ikkje finst gjerde frå før, og i verste fall at ordninga blir lite nytta. Å derimot kombinere tilskotsordninga til utsiktsrydding med tilrettelegging for auka beitebruk vil vere eit strategisk grep for å gjere ordninga meir akseptabel blant kritikarane i landbruket. På bakgrunn av dette håper vi at departementet vil vurdere om kostnadar til gjerding kan inngå som ein del av tiltaket som kvalifiserer til tilskot frå ordninga.

Vi vil til slutt peike på at det bør stillast krav om at prosjekta skal vere vurdert etter skogfaglege kriterium. Dette vil ha mykje å seie for korleis tiltaka vil bli gjennomført med tanke på hogstmetode (t.d. snauhogst versus tynning) og vedlikehaldet i etterkant.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Trude Knutzen Knagenhjelm
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Møre og Romsdal